

Styremøte i Valdresmusea AS**2025:2**

Tidspunkt: Fredag 28. februar kl. 09.00

Stad: Teams

Til stades: Odd Erik Holden, Frode Rolandsgard, Brita Brenna, Odd Arne Klemmetsrud, Arne Erik Fønhus og Kristin Gulbrandsen. Fråfall frå styret: Bente Lindahl. Frå administrasjonen: Ole Aastad Bråten og Tove Stubbene.

Sak 4/2025: Årsrekneskap 2024

Årsrekneskapen for 2024 viser eit resultat på kr. 675 552 (2023: kr. 363 100). Dette er betydeleg betre enn det førebelse resultatet som vart presentert i styremøte 31. januar (kr. 61 475), og som då var *før* avslutta bokføring, dokumentasjon og overlevering til revisjon for året 2024.

Endringane skuldast a) høgare verdi av varelageret (innkjøpte strenger), kr. 215 000, b) inntektsført tilskott for avslutta prosjekt Papirdukke (NBF), kr. 350 000, samt c) tilbakeført del av forventa/avsette kostnader i samband med lønsoppgjeret 2024, kr. 50 000.

Årsoverskotet blir tilført eigenkapitalen.

Vedtak:

Styret vedtek årsrekneskapen for 2024.